Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Sör-Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Leinstrand

Emne: Nr. 2

Bygdelag:

Oppskr. av: Jon Skogstad

Gard:

(adresse): Heimdal.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

I

SVAR

Ad 1. a Nei.

Ad 1 b. Nei.

Ad 1 c. Setervollar og delvis slått på engrom var nok i bruk for omlag 50-60-70 år sea.

Ad 1 d. Nei, ikkje noko serleg.

Ad 1 e — " —

Ad 1 f. Som regel för han lånt hest, eller so trillar han det på trillebår eller handvogn. Det hender kanskje enno at ein bèr det heim i taug, når ikkje vegen er for lang.

Ad 2 a) og b) Stakk eller utlöa finst ikkje lengr. Til hesja vert höyet köyrd med slepriva. Der slike ikkje finst (småbruk), bèr dei eller dreg höyet attåt hesja med vanleg höjgaffel eller fraugaffel.

Ad 2 c) Nei.

Ad 2 d-e-f.g.h.i.j.k.l.m n o.p.r.s. Nei.

Ad 2 t) Sjå 2 a og b.

Ad 2 u. När ein ber höyet, var det på to staurar utan tverke, men med taug eller reip omkring.

Ad 2 v. Nei, ikkje serleg. Kanskje eit par tverke på armane.

Ad 2 w. Sjå ovanfor.

Ad 2 x Nei.

437

II

Ad. 2 g. Nei. Resten av 2. fell bort.

Ad 3. På heimyrdet alltid på sommarføre. Då dei slo sætervollarne, køyrde dei dette heim på vinterføret.

Ad. 4 a) Alm. langvogn, helst utan fjører, to; og på flatlendte gardar ogso 4 hjul.

Ad 4 b og c. I gamle dagar (eg minnest eg har sett dei) brukte folk på gardarne høysleder med tremeiar. Sleden kunde vel vera så omlag 3 m. l. og 3/4 m. br. Meiarne var laga av gran- eller furu som hadde vakse seg høveleg krokutt. Sjeldan var meiarne skoytte, iallefall framme. Så var det nokre tvertre med fjøler langsetter. På lasset vart lagt 5-7 kjemmor. Ei kjemme måtte vera så breid (frå mannen til ytterkant) at riveskaftet snaudt rokk til. Når så mannen tok kjemma på nakken, såg ein ikkje anna enn nedste delen av føterne.

Ad 4 d. Når sledane gjekk av bruk, og ein tok til med vanleg langvogn, brukte ein frå fyrsten berre høytong, som på sleden (Ei høytong kunde vera einarma (ei stong) eller toarma). Den var festa med taug framme, og så tøygde ein åt atte. Seinare vart påsett vogna ei lita grind framme og atte med tong eller reip over. No brukas alle høygrindar, anten med berre treremar eller treramme med taug i millom øvre og nedre rame. Siderama eller grinda er festa til tvergrinda med jarnhesper, og tvergrinda er festa i vogna med jarnlykkje og krokar.

Ad 4 e) Nei.

Ad 4 f. Så vidt eg har fått spurna på det, har ikkje slike hjulsleder vore i bruk her.

Ad. 4 g Ikkje på høysledane.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Ad 4 h og i) Så vidt eg veit, fanst ikkje slike.

Ad 4 j.) Alm. langvogn. Sjå ovanfor.

Ad 4 k. i. l. m. n. o.) Sjå ovanfor.

Ad 4 p Nei, ingen skilna. Ein måtte få med det som var att, anten lasset vart stort eller lite.

Ad 4 r) Alt skulde vera med. Inkje måtte liggja att. (Ei onnabus fekk lov av husbonden å dra riva etter seg, når ho gjikk der det skulde vera raka. På den måten fekk ho seg ei saufóda, segjer sogne.)

Ad 4 s) Sea ein tok til med grindar, er ikkje lasset til ålment „gjorda".

Ad 4 t) Gjorda eller bitt lasset.

Ad 4 u) Nei, det har eg ikkje høyrt gjeti.

Ad 4 v) Eit sommarlass var mindre enn eit vinterlass, men noko bestemt forhold har eg ikkje høyrd om.

Ad 5) Nokon fellesslått har eg aldri høyrd gjeti her i bygda.

Den tid dei hadde utslåtter eller sætervollar, som vart slege, køyrde dei heim høyet når føret var lagleg, utan noko serskild vedtak om brøyting eller anna.

Ad 6) Dei brukte vanlege sledar med jarn- eller stålstenger under, og nar dei kom til gards, måtte dei sjølsagt ha traktering av det beste huset hadde, og kanskje ein „kark" eller toddy attpå.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

III

Endå så seint som i 1893 var höy-
sledane delvis i bruk på garden Rörum
i Leirstrand. Det var i innmarka,
men noko tungvindt å koma til med vogn.
Ein leste da på fleire slåar, batt fast med
tong og let så lasset stå inntil vidare.
Alt laushöy var da vel flidd av.
Så kom hestane — ofte „Krökje" ell. „beite"
to hestar i breidden — og lassa vart heim-
köyrd og fråsegdt ved lembrua. Når så
alt var heimköyrd — eller kvelden kom,
köyrde ein det inn på lemmen.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
437